



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 Vestnes

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Avgrensa høyring for reguleringsplan Vikebukt sentrum – Vike

Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Statsforvaltaren fremma motsegn til reguleringsplanen i brev av 03.07.2018, 01.04.2019 og 19.05.2021. Motsegna gjaldt barn og unge, landbruk, støy og strandsonerinteresser. Vi viser til e-post korrespondanse undervegs, der motsegna har blitt avklart. Det er derimot berre motsegna knytt til barn og unge som formelt er trekt.

Ved ny avgrensa høyring er det gjort endringar som sikrar tilgang til friområdet GF4 og leikeplassen BLK6 etter dagens veg ved Bårdsplassen. Statsforvaltaren kan difor trekke motsegna knytt til strandsonerinteressene. I saksutgreiinga er det lagt fram to forslag til plankart. I alternativ 2 er det foreslått gangtilkomst bak nausta N5 og N4. Dette sikrar ålmenta ferdsel lang sjøen, og vi rår sterkt til at kommunen går for dette alternativet.

Konklusjon

Statsforvaltaren **trekk med dette attende motsegnene** til reguleringsplan Vike sentrum, fremma i brev av 03.07.2018, 01.04.2019 og 19.05.2021. Vi rår sterkt til at ein godkjenner plankart alternativ 2 i saksutgreiinga.

Med helsing

Berit Brendskag Lied (e.f.)
ass. statsforvaltar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef - plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal
fylkeskommune
Statens vegvesen

Fylkeshuset

6404 Molde

Postboks 1010 Nordre
Ål

2605 LILLEHAMMER